

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Innspel til jordbruksforhandlingane 2020

Her kjem innspel frå Vestland fylkeskommune. Landbruksorganisasjonane i fylket, Fylkesmannen og Innovasjon Norge, begge i Vestland, har kome med innspel i prosessen.

Saka vart handsama i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 13. februar og i Fylkesutvalet 14. februar 2020. Fylgjande vedtak vart gjort:

Vestland fylke krev at det vert førd ein nasjonal landbrukspolitikk som legg til rette for auka matproduksjon på eigne ressursar, og auka verdiskaping i Norge. Arbeidsdelinga (kanaliseringspolitikken) i landbruket må styrkjast. Utviklinga må gå i ei retning der det aller meste av foret til dyra, og mest mogeleg av maten me et, er produsert i Norge. Det krev auka fokus på forskning, utvikling og rådgjeving til bonden.

Grasproduksjon og beiteressursane er viktige for matproduksjon i Vestland, men også i eit større klimaperspektiv. Det må difor førast ein nasjonal politikk som prioriterer dette. Auka beitebruk, der også CO2 bindinga må inngå i den nasjonale klimarekneskapen er viktig. Vestland fylke må framleis vere eit beiteprioritert område slik som fastsett i rovviltforliket i Stortinget, og må få auka potten til førebyggjande og konfliktdempande tiltak (FKT-midlar). Staten må også bidra økonomisk til reduksjon i klimagassutsleppa også frå landbruket, særleg innan transport, og ved å fremja fossilfrie traktorar.

1. Små og mellomstore bruk må prioriterast gjennom målretta tilskot knytt til storleik og geografisk plassering.
2. Det må setjast øvre grense per bruk for sentrale tilskot, for å styrke dei mindre bruka.
3. Handlingsrommet for regional forvaltning av investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket må bli større. Rammene for midlane må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima.
4. Føretak med pelsdyr har tilbod om investeringsstøtte for omlegging til annan produksjon når dei vert pålagt å avvikle drifta. Den nasjonale tilskotsramma til investeringsstøtte må aukast for å ta høgde for dette.
5. Ved vurdering av lønsemda i investeringsprosjekt må det samla inntektsgrunnlaget leggst til grunn, også inntekt utanom bruket.
6. For å kunne prioritere fornying av driftsapparat på bruk med 15-30 kyr, må den samla ramma for investeringsstøtte aukast, taket på investeringsstøtta må hevast til 2,5 millionar og maksimal støttesats må hevast til 40%.
7. Gode støtteordningar innan frukt og grønt må vidareførast og maksimumsgrensa for godkjent kostnadsoverslag til arrondermessige betringar som legg til rette for effektivisering og bruk av ny teknologi, må aukast til 30 000 kr per da.

8. For å stimulere til utvikling av tilleggsnæringer knytt til tradisjonelt landbruk, er det viktig å oppretthalde gode støtteordningar i alle delar av prosessen frå ide til realisering.

9. Tilskot til grøfting må aukast og støttenivået må vere som for andre investeringar.

10. Nivået på støtte til gjødsellager med tak, må vere som for andre investeringar. Det må også stimulerast til å bygge oppsamlingsplassar for rundballar.

11. Beiteressursane er viktig å ta vare på gjennom auka stimulering til beiting; på innmark for mjølkekyr og i utmark for sau og geit. Det typiske vestlandske kulturlandskapet må takast vare på gjennom naturleg bruk; slått, beiting og vedproduksjon. Det må settast av større midlar over jordbruksoppgjere slik at bøndene kan utføre dette viktige arbeidet for å skape berekraftige og trivelege bygder. Dette vil også gi arbeidsplassar direkte, men også indirekte når det gjeld reiseliv og turisme.

12. Verkemiddel som kan regulere produksjonen i høve til marknaden er viktig både for bonden og for samfunnet sin økonomi.

13. Auk økologisk produksjon gjennom ei satsing på kompetanseheving.

14. Ordninga med at sone 5 for arealtilskot er splitta opp med ein høgare sats for Vestlandet, er eit viktig grep for å ta vare på kulturlandskap og småskala matproduksjon.

Me syner også til saksframstillinga i vedlegg.

Med helsing

Endre Høgalmen
Seksjonssjef

Kjersti Sognnes
Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Fylkesutval vedtak
- 2 Hovudutval vedtak
- 3 Innspel frå Vestland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2020
- 4 Innspel frå Sogn og Fjordane Bondelag og Hordaland bondelag.

- 5 Innspel frå Hordaland bonde og småbrukarlag
- 6 Innspel frå Sogn og Fjordane bonde og småbrukarlag

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland avdeling
Førde

Hordaland bondelag
Hordaland bonde og småbrukarlag
Sogn og fjordane småbrukarlag
Sogn og Fjordane bondelag
Innovasjon Norge Vestland

Fjellvegen 11

Kokstadflaten 36
Postboks 542
Ramstad
Hafstadvegen 21
Postboks 448